



Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsskjema
Nynorsk

SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



Skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag etter forureiningsforskrifta kapittel 22 og forureiningslova § 11. For andre tiltak i sjø kan søknadsskjemaet nyttast som utgangspunkt for kva opplysningar Statsforvaltaren treng for å kunne fatte ei avgjerd. Du kan gjerne bruke søknadsskjema for desse tiltaka også.

Skjemaet må fyllast ut nøyaktig og fullstendig, og alle nødvendige vedlegg må følgje med. Se rettleiar til søknadsskjema og informasjon til søker i eige dokument.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Bruk vedleggsark med referansenummer til skjemaet der det er nødvendig.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren pr. e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) eller pr. brev (Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger).

Innhald

| | |
|---|----|
| 1. Generell informasjon | 3 |
| 2. Type tiltak | 4 |
| Del A – Mudring | 5 |
| Del B – Dumping | 7 |
| Del C – Utfylling | 8 |
| 3. Lokale tilhøve | 9 |
| 4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål | 11 |
| 5. Handsama hjå andre styresmakter? | 16 |
| Vedlegg | 16 |

1. Generell informasjon

| | | | |
|--|--|--|-------------------------|
| a Tiltakshavar (ansvarleg søkjar) | | | |
| Namn | Aurland Hamnevesen KF | | |
| Adresse | A-feltvegen 27, 5743 Flåm | | |
| Telefon | 97627382 | | |
| e-post | tormikkel@aurlandhavn.no | | |
| Hovudeining (org.nr.) | 980 564 355 | | |
| Undereining (org.nr.) | Sett inn org.nr. for underenhet (verksemdas lågaste nivå i registreringsstrukturen i Enhetsregisteret) | | |
| b Tiltakshavars kontaktperson | | | |
| Namn | Tor Mikkel Tokvam | | |
| Adresse | A-feltvegen 27, 5743 Flåm | | |
| Telefon | 41202088 | | |
| e-post | tormikkel@aurlandhavn.no | | |
| c Konsulentfirma (eventuelt) | | | |
| Namn | Norconsult Norge AS | | |
| Adresse | Sandvenvegen 43, 5600 Norheimsund | | |
| Telefon | 91176845 | | |
| e-post | marte.kjelby@norconsult.com | | |
| d Entreprenør (dersom kjend) | | | |
| Namn | Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | | |
| Adresse | Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | | |
| Telefon | Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | | |
| e-post | Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | | |
| e Lokalisering av tiltak | | | |
| | Mudring | Dumping | Utfylling |
| Kommune | Aurland | Aurland | Aurland |
| Stadnamn | Flåm | Flåm | Flåm |
| Gnr./bnr. | 36/159 | | 36/159 |
| Koordinatar ETRS 89/UTM 32 | Nord: Nord Aust: Øst | Nord: ca: 6749170,54158 Aust: 397901,11888 | Nord: Nord Aust: Øst |

f Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket (månad og år) og kor lenge arbeidet vil pågå

Tidsperiode for gjennomføring av tiltaket er førebels uavklart, då dette avhenger av NVE sin søknadshandsaming om konsesjon for landstraum til cruiseskipa. Arbeid i sjø vert tidlegast høst 2024. Det antas at heile anleggsarbeidet vil pågå i ca. 6-9 mnd., medan sjølve massehandteringsarbeidet (arbeid med stein i sjø) vil pågå i ca. 3-4 mnd.

g Fakturainformasjon

| | |
|-------------------------------|--------------------------|
| Fakturaadresse | EHF 980564355 |
| Fakturareferanse | Tor Mikkel Tokvam |
| Anna (Prosjektnummer e.l.) | Kaiutvidelse |
| Kontaktperson for fakturering | |
| Namn | Tor Mikkel Tokvam |
| Telefon | 41202088 |
| e-post | tormikkel@aurlandhavn.no |

2. Type tiltak

Mudring, dumping og plassering av materiale frå skip er underlagt reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. *Mudring og dumping i sjø og vassdrag* og krev alltid løyve etter § 22-6.

For utfyllingsarbeid og andre tiltak utført frå land er det ein vurderingssak frå Statsforvaltaren si side om tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

| | | |
|---|-------------------------------------|-------------------------------------|
| Mudring | <input checked="" type="checkbox"/> | Fyll ut del A |
| Dumping | <input checked="" type="checkbox"/> | Fyll ut del B |
| Utfylling | <input checked="" type="checkbox"/> | Fyll ut del C |
| | Ja | Nei |
| Tiltak i ferskvatn | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Dersom tiltak i ferskvatn: | Ja | Nei |
| Er det strekningar som fører anadrome laksefisk eller trua ferskvassartar (t.d. elvemusling, ål, edelkreps) | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

Del A – Mudring

Ein kvar planlagt forflytning av massar frå sjøbotn

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

Vedlikehaldsmudring Årstal siste mudring xxxx Dok. Vedlagt

Farledsmudring

Miljømudring

Undervasssprenging

Anna *Spesifiser:* Behov for mudring for etablering av cellespункtai.

b Gi ei kort utgreiing av tiltaket inkludert føremål

Cruisekaaien i Flåm skal utvidast frå 110 til 185 meter. Føremålet med tiltaket er bl.a. å tilrettelegga for landstraum til cruiseskipa sidan dagens kai er for liten til å etablere tilkoplingsstasjonar (uttaksskap) på kaikanten som vil treffe skipa sine tilkoplingspunkt for landstraum. Etablering av landstraum vil redusera luftforureining og støy frå skipa, ettersom det ikkje vil vera naudsynt å bruka dieselaggregat for straumforsyning. Det er normalt 150-160 cruiseskip pr. år i Aurland og Nærøyfjorden. Etablering av landstraum for cruiseskip vert ansett som ein viktig føresetnad for å kunne oppnå klimanøytrale løysingar.

Kaaien skal anleggast med 3 nye cellespункtar, og i samband med dette er det behov for omplassering av massar på sjøbotn (deriblant steinmassar som er for store for spunten å trenge igjennom). Massane er sprengsteinsmassar frå bygging av Flenja-tunnelen som blei brukt i utfylling for ca. 30-35 år sidan.

c Areal som skal mudrast. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

2 050 Kvadratmeter, m²

d Volum som skal mudrast

8 500 Kubikkmeter, m³ XXXXUtrekna vekt, tonn

e Vassdjup før mudring

0 – 18 m

f Ønska vassdjup etter mudring

Kote -12 m

g Tiltaksmetode ved mudring

| Utførast frå skip <input checked="" type="checkbox"/> | Utførast frå land <input checked="" type="checkbox"/> |
|---|---|
| Gravemaskin | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Grabbmudring | <input type="checkbox"/> |
| Sugemudring | <input type="checkbox"/> |
| Undervasssprenging | <input type="checkbox"/> |
| Anna | <input type="checkbox"/> <i>Beskriv kort korleis mudringa skal utførast for alle metoder:</i> |

Tiltaksmetode er pt. ikkje avklart for mudringa, men det antas at dette vil skje med gravemaskin frå lekter.

h Disponeringsløyising for mudra massar

| | | |
|------------------------------|-------------------------------------|----------------------|
| Lovleg avfallsanlegg | <input type="checkbox"/> | |
| Dumping i sjø eller vassdrag | <input checked="" type="checkbox"/> | <i>Fyll ut del B</i> |
| Nyttiggjering på land | <input type="checkbox"/> | <i>Forklar under</i> |
| Anna | <input type="checkbox"/> | <i>Forklar under</i> |

Massane vert flytta utover på djupare vatn. Det vert sett på moglegheiter for å ta opp massane på land for mellomlagring før evt. gjenbruk innanfor cellespunt, men dette er pt. ikkje avklart. Detaljerte teikningar av tiltaket er vist i vedlegg 2.

i Metode for avvatning, opplasting, transport og disponering av mudra massar (forklar)

Massane som skal flyttast på er sprengsteinsmassar som ligg i eksisterande fylling.

Del B – Dumping

Tømming av materiale i sjøen for å bli kvitt det

Beskriving av tiltaket

a Areal som blir rørt av dumpinga. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

ca. 6080 Kvadratmeter, m²

b Volum som skal dumpast

ca. 8500 Kubikkmeter, m³

Inkludert masseutviding?

Ja

Nei

XXXX

Utrekna vekt, tonn

Ev. grad av utviding

XXXX

%

c Vassdjup før dumping

Kote -18 m

til -30

d Vassdjup etter dumping

Kote -12 m

til -30

e Mengde tørrstoff i sediment som skal dumpast

0 tonn

f Vassinnhald i sedimenter som skal dumpast

0 %

g Gje greie for massane som skal dumpast

Massane som skal omplasserast er sprengsteinsmassar frå eksisterande fylling. Desse vert flytta ut på djupare vatn og vil i stor grad liggja over eksisterande fylling. Ca. 3 830 m² er berekna til berørt sjøbotnareal over eksisterande fylling, medan ca. 2 250 m² er berekna berørt sjøbotnareal utanfor eksisterande fylling.

h Gje greie for metoden som skal nyttast

Metode for tiltaksgjennomføring er pt. ikkje avklart, men det antas at arbeidet vil verta utført med gravemaskin frå lekter. Massane skal takast opp på lekter og dumpast lengre ute. I nokre tilfeller vil også massane verta flytta direkte utan mellomlagring på lekter.

Del C – Utfylling

Tømming av masser i sjøen for å etablera noko nyttig, som utvida areal. Det må vere *nyttiggjering* og det må vere *eigna massar*.

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

- | | | |
|------------------|-------------------------------------|---|
| Landvinning | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Infrastruktur | <input type="checkbox"/> | |
| Molo/bølgebrytar | <input type="checkbox"/> | |
| Anna | <input checked="" type="checkbox"/> | <i>Spesifiser: Cellespункtai og utfylling rundt</i> |

b Gje kort greie for tiltaket. Spesifiser føremål med utfyllinga.

Det skal etablerast cellespункtai bestående av 3 nye celler. Etter desse er etablert vil det bli fylt med sprengsteinsmassar inni spuntane, samt mellom desse og på innsida mot land. Føremålet med tiltaket går fram av søknadens del A, punkt b.

c Areal som skal fyllast ut. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

2050 Kvadratmeter, m²

| |
|---|
| d Volum som skal fyllast ut. 20 500 Kubikkmeter, m ³ XXXXUtrekna vekt, tonn |
| e Vassdjup før utfylling Kote 0 - m 18 |
| f Gje greie for metoden for utfylling (snitt-teikning(ar) skal leggjast ved) Det skal anleggast cellespункkai beståande av 3 nye celler som det skal fyllast massar i. I tillegg er det behov for å fylla massar mellom og innafor cellene. Det vil bli etablert «mellombuar» mellom cellespункane som vil fungera som ein barriere mot partikkelspreiing til sjø. Ved den nordlegaste spunkten vil det verta direkte kontakt med utfyllingsmassar og sjø, og det vil her bli behov for siltgardin, jf. reguleringsføresegner. Av ca. 20 500 m ³ vil ca. 11 700 m ³ av massane bli lagt inni cellespункane (og ikkje ha kontakt med sjø) medan ca. 8 800 m ³ vil bli fylt mellom og innafor mot land. Dersom det lét seg gjera anleggsteknisk, vil entreprenør fyrst anleggja ein steinsjetè mellom den nordlegaste cellespункten og land. På grunn av begrensa landareal for evt. mellomlagring av massar er det pt. ikkje avklart om eksisterande fyllmassar kan verta nytta i steinsjetèen, eller om desse må anbringast. Sjå detaljerte teikningar i vedlegg 2. |
| g Gje greie for utfyllingsmassane inkl. vurdering av plast Det er pt. uavklart kva massar som skal nyttast i tiltaket. Det antas at dette vil vera sprengsteinsmassar som kan innehalda skyteleidningar av plast. Over halvparten av utfyllingsmassane vil ikkje ha kontakt med sjø sidan desse skal plasserast inni cellespункane. Resterande massar vil fyllast i området rundt og innafor (mot land), som delvis er avstengt med cellespункar og mellombuar. Etablering av steinsjetè eller bruk av siltgardin mellom nordlegaste cellespунк og land, vil redusera spreiiing av plastavfall og partiklar. |

3. Lokale tilhøve

a Eigedomar som blir råka av tiltak

| Eigar | Gardsnummer/bruksnummer |
|---|-------------------------|
| Bane Nor SF | 36/159/20 |
| Aurland Hamnevesen KF | 36/159/17 |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |

| | |
|---|-----------|
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |
| Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst. | Gnr./bnr. |

Dersom tiltaket går inn på eller kan råka anna persons eigedom skal skriftleg godkjenning frå grunneigar leggast ved.

b Utgreiing av botntilhøve og området sin grunnstabilitet

Botnen i tiltaksområdet består av eksisterande fyllmassar frå 30-35 år attende i tid. I følgje Rådgivande biologar (RB) i 2020 (vedlegg 1) var det vanskeleg å få opp sediment i undersøkingsområdet sidan botnen var skrånande utan sediment. Utanfor eksisterande fyllingsfot antas det basert på undersøkinga at sjøbotn består av silt, sand og grus (stasjon M2 og M3), samt stein og grus med spor av sand og silt (stasjon M1). Sjå nærare beskriving i vedlegg 1. I følgje konsekvensvurderinga til RB (vedlegg 4) er det i tiltaksområdet kun mindre områder som består av urørt blautbotn med spreidde steinblokker som stammar frå eksisterande fylling.

c Er det naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet? Ja Nei

Dersom ja, angje kva for og omtal korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Oppgje kjelde for opplysningane.

Ved søk i Naturbase er det ikkje registrert marine naturtypar i, eller i nærleiken av tiltaksområdet. Utlaupet til Flåmselva ligger like ved tiltaksområdet. Flåmselva er registrert som eit nasjonalt laksevassdrag. I følgje artskart er det registrert ei rekkje raudlista sjøfuglartar som; gråmåke (VU), fiskemåke (VU), teist (NT), storskarv (NT), tjeld (NT). I tillegg er det gjort ein observasjon av svartand (VU) i tiltaksområdet. I RB sin konsekvensvurdering (vedlegg 4) går det fram at det ikkje vart registrert viktige naturtypar innafor det som vart vurdert som influensområde. RB har definert Flåmselva som funksjonsområde for anadrom fisk og ål.

I følgje Fiskeridirektoratets kartportal vert det fiska etter sjøkreps (registrering: Fiskeplasser-Passive reiskap, Hammersnes_Araldsnes_Fretheim). Det vert fiska etter sjøkreps i perioden april-desember, og det ligg inne følgjande merknad frå 2018: «Det fiskes sjøkreps i hele reg. område, begrenset inntil 300-350 m dybde. Innerst i fjorden er botn bløtere og mindre sjøkreps.»

| | | |
|---|-------------------------------------|-------------------------------------|
| d Utgreiing av naturtilhøva (ver, vind, straum, mm.) | | |
| Tiltaksområdet ligg inne i ein fjordarm, like ved utløpet av Flåmselva. Straumforhold på staden er ukjent, men basert på nærleiken til Flåmselva antas det at straumforholda er påverka av vassdraget. | | |
| e Oppgje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten eller nærområdet til lokaliteten og beskriv korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. | | |
| Tiltaksområdet ligg ved eit allereie etablert havneområde (Flåm cruisekai), og det er ikkje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten utanom det som naturleg knyttar seg til cruise- og hamneaktiviteten. | | |
| f Havnespy | Ja | Nei |
| Er det kjente førekomstar av havnespy ¹ i nærleiken av tiltaksområdet? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> |
| Er deg grunn til å tru at det kan vere havnespy i nærleiken av tiltaksområdet? | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> |
| g Er det røyr, kablar eller andre konstruksjonar i området? | Ja | Nei |
| <i>Dersom ja, merk av på kart som skal leggjast ved søknaden</i> | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål

Prøvetaking og analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

| | | |
|--|-------------------------------------|--------------------------|
| | Ja | Nei |
| a Er det kjende forureiningskjelder i nærleiken (t.d. slipp, kommunalt avløp, båthamn, industriverksemder e.l.) | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| <i>Dersom ja, angi kva for</i> | | |

¹ <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

Tiltaksområdet ligg i ei hamn, som vert nytta av cruiseskip.

Rettleiaren for søknadsskjemaet er lest og prøvetakinga er omtalt i samsvar med denne

Ja Nei

b Kartlegging av forureining i sjøbotn (analyseresultat/rapport skal leggjast ved søknaden)

Tal prøvestasjonar 3

Tal prøvepunkt per stasjon 1 *Prøvepunkt skal teiknast inn på kart, jf. figur 1 i «Rettleiar til søknadsskjema»*

Prøvedjupne 0-7 cm
(analysert) i sediment
(laginndeling må visast)

Gje greie for prøvetakinga

Prøvetakinga er utført av Rådgivande biologer (RB) i 2020. I følgje RB var det vanskeleg å få opp sediment, sidan botnen er skrånande og utan sediment. I rapporten deira går det m.a. fram følgjande (sitat): «På stasjon M1 var sedimentet svært grovt, og analyse av miljøgifter vert gjort på fraksjonen som er < 2 mm. På dei andre stasjonane fekk ein opp lite sediment. Det vart laga ei prioriteringsliste, der organiske miljøgifter vart prioritert først, etterfølgd av tungmetall og kornfordeling. På stasjon M1 fekk ein berre opp nok materiale til organiske miljøgifter, medan ein fekk opp nok sediment til analyse av tungmetall og organiske miljøgifter på M2. På stasjon M3 fekk ein nok materiale til alle analyser.» Sjå heile rapporten i vedlegg 1.

Statsforvaltaren vurderte dokumentasjonen av sedimenta (rapport frå RB, 2020) som tilfredsstillande for å handtera søknad om løyve etter forureiningslovverket, jf. e-post av 23.02.2024 frå Statsforvaltaren i Vestland til Norconsult.

c Summèr opp analyseresultata (det må gå fram om sjøbotn inneheld miljøgifter i tilstandsklasse III eller høgare²)

I rapporten går det fram følgande (sitat): «*Generelt var innhaldet av dei analyserte organiske miljøgifter lågt på alle stasjonar, tilsvarande "bakgrunn" eller "god" tilstandsklasse. Unntaka er tributyltinn (TBT) på stasjon M2 og Σ PCB 7 på stasjon M3, som var noko høgt, tilsvarande "moderat" tilstandsklasse.*» RB utførte ei trinn 1 risikovurdering og konkluderte med følgande: (sitat) «*Sidan gjennomsnittskonsentrasjon av tungmetall og organiske miljøgifter var under grenseverdien, og ingen sambindingar har maksimalkonsentrasjon høgare enn 2 * grenseverdi og grense mellom tilstandsklasse III og IV, kan sedimentet i tiltaksområdet friskmeldast etter ei risikovurdering på Trinn 1.*» Sjå heile rapporten i vedlegg 1.

d Finstoffinnhald i sedimentet

| Stein | Grus | Sand | Silt | Leire |
|---------|---------|---------|---------|---------|
| %-andel | %-andel | %-andel | %-andel | %-andel |

Eventuell nærmare omtale

Kornfordeling vart kun analysert i prøven frå stasjon M3; leire & silt: 27,7%, sand: 41,3%, grus: 31,1%.

e Gje greie for avbøtande tiltak for å hindre spreieing av forureining (inkludert reine partiklar) og/eller negativ påverknad på naturverdiar. For utfylling må også tiltak mot spreieing av plast vurderast.

I reguleringsføresegner er det vedtatt følgande: «*Det skal ikkje gjennomførast utfylling i sjø i perioden frå 20. april til 1. september, dvs. perioden for ut- og innvandring av anadrom fisk. Ved utfylling skal det nyttast siltgardin eller liknande.*» Det antas at det hovudsakeleg er partikkelspreieing frå sprengsteinsmassar som er bakgrunnen for vedtaket om bruk av siltgardin eller liknande.

Sidan utfylling av massar skal skje innafor og etter cellespantane er etablert, vil desse fungera som ein barriere som hindrar partikkelspreieing og utslepp av evt. plast til sjø. I åpningen ved den nordlegaste cellespanten vil det bli nytta ei siltgardin evt. etablert ein steinsjetè (før vidare utfylling innafor), jf. beskriving i søknadens del C, punkt f. Ettersom omplassering av massar i stor grad vil røra ved eksisterande fyllingsfot (kor det ikkje er sediment) ser ein ikkje behov for å bruka siltgardin under arbeidet med omplassering av massar. Massane som skal flyttast på er også allereie vaska fri for finstoff. Det påpeikast at bruk av siltgardin rundt dette området ville ha vore teknisk utfordrande mht. å oppnå optimal funksjonalitet.

² Tilstandsklasser for sediment jf. Veileder M-608/2016 – revidert 30.10.2020

f Gje greie for risikovurderinga av tiltaket på ytre miljø og vis til eventuell rapport. *Risikovurderinga bør gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.*

RB har tidlegare utført ei kartlegging av marint naturmangfold inkl. konsekvensvurdering for naturmangfold og naturressursar (vedlegg 4). For anleggsfasen vart det i denne rapporten vurdert følgjande (sitat): «*Det anbefales å unngå utfylling i sjø i perioden for ut- og innvandring av anadrom fisk, som hovedsakelig skjer i perioden fra 20. april til 1. september i Flåmselva.*» Dette avbøtande tiltaket vart, saman med bruk av siltgardin o.l., teke inn i reguleringsføresegner (vedlegg 3).

Sidan kaien no er prosjektert med cellespantar, vert det vurdert at tiltakets påverknad på ytre miljø (i form av spreining av skyteleidningar av plast og finstoff) vil bli vesentleg mindre samanlikna med direkte utfylling i sjø. Massane som må omplasserast i sjø for å kunna etablere cellespantane, inneheld svært lite finstoff sidan dette er eksisterande fyllmassar kor finstoff er vaska vekk. Desse massane vil hovudsakeleg leggjast over eksisterande fylling, og røra ved ca. 2,2 daa. urørt sjøbotn utanfor. I dette området vil det førekomme partikkelspreining frå sjøbotnsediment. Basert på sedimentas forureiningsgrad, tiltakets størrelse (sjøbotnareal som vert rørt utanfor eksisterande fylling), samt planlagt avbøtande tiltak med tidsavgrensing av anleggsperioden for å hindra påverknad på anadrom fisk, vert det vurdert at påverknaden på ytre miljø vil vera liten.

g Tiltaksmål

Føremålet med tiltaket er å forlenga eksisterande cruiseskipkai og leggja til rette for landstraum til cruiseskipa, noko som vil redusere luftforureining og støy frå skipa når dei ligg til kai.

- Tiltaket skal ikkje føra til uakseptabel partikkelspreiing
- Tiltaket skal ikkje føra til negative konsekvensar for anadrom fisk og ål
- Tiltaket skal ikkje forringa bruk av fiskeplass i nærleiken
- Tiltaket skal ikkje auka forureiningsgraden i sedimenta i tiltaksområdet

h Miljømål

I følge vann-nett ligg tiltaksområdet i vassførekomsten «Aurlandsfjorden» (ID: 0280020700-C). Vassførekomsten har vasstype «Ferskvannspåvirket beskytta fjord». Den økologiske tilstanden er klassifisert som «moderat», mens den kjemiske tilstanden er klassifisert som «dårleg». Miljømålet for vassførekomsten er definert som «god» for både økologisk og kjemisk tilstand. Det er imidlertid ein risiko for at miljømålet ikkje nås, og nye tiltak er naudsynt for å oppnå god miljøtilstand. Basert på resultata av miljøteknisk undersøking, samt tiltakets gjennomføringsplan og planlagt avbøtande tiltak, vert det vurdert at tiltaket ikkje kjem til å forringa miljøtilstanden i vassførekomsten.

i Plan for overvaking av vatn, spreieing av massar og sluttkontroll

Partikkelspreieing vert overvaka visuelt, i tillegg vert det montert ei siltgardin til bruk mellom den nordlegaste cellespunte og land når det skal fyllast innanfor cellespunteane (evt. ein steinsjetè). Dette vil hindra partikkelspreieing frå utfyllingsmassar. Ved synleg blakking av vatnet elles i anleggsarbeidet vil entreprenør vurdere andre avbøtande tiltak.

5. Handsama hjå andre styresmakter?


(det er tiltakshavar som har ansvar for å ha dei nødvendige løyva på plass ved oppstart)


| | Ja | Nei | Annet |
|--|-------------------------------------|-------------------------------------|-----------------------------------|
| a Plan- og bygningslova (kommunen) | <input checked="" type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> | Skal leggest ved ev. kommentar |
| b Hamne- og farvasslova (Kystverket/havnevesen) | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | ev. kommentar |
| c Kulturminnelova (Norsk Maritimt Museum) | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | ev. kommentar |
| d Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (dersom Fylkeskommunen) | <input type="checkbox"/> | <input checked="" type="checkbox"/> | ev. kommentar |

Andre opplysningar som er av betydning for saken skal leggest ved søknaden.
Vi gjer merksam på at søkjar sjølv er ansvarleg for ikkje å oppgje sensitiv informasjon (forretningshemmelegheiter, ol.) i søknadsskjemaet då skjemaet er offentleg tilgjengeleg.

- Søkjar er kjent med at det skal betalast gebyr for handsaming av søknaden (kryss av for å stadfesta), jf. forureiningsforskrifta § 39.

Flåm, 08.04.2024
Stad, dato


Tor Mikkjel Tokle
Søkjar sin underskrift



Vedlegg

- Nr. 1 Analyseresultat
- Nr. 2 Kartutsnitt i relevant målestokk (med detaljer teikna inn)
- Nr.XX Løyve frå grunneigar (dersom relevant)
- Nr. 3 Vurdering etter plan- og bygningslova
- Nr.XX Vedtak etter hamne- og farvasslova
- Nr.XX Vurdering etter kulturminnelova
- Nr. 4 Konsekvensvurdering naturmangfold og naturressursar, Rådgivende biologer AS.
- Nr. 5 Kjende røyr i tiltaksområdet
- Nr.XX Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.